

Kulturdepartementet
postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Deres ref: 10/5035 ME/ME2 DAS:elt

Vår ref: 12/00326

Oslo,30.04.12

Høyring “For en neve dollar mer”

Norsk filminstitutt har motteke rapporten “For en neve dollar mer” til høyring.

NFI vil i all hovudsak slutte seg til tilrådingane i rapporten, og ønskjer berre å gjere mindre presiseringar på enkelte punkt.

Dei regionale filmtiltaka er eit viktig verkemiddel i den nasjonale filmpolitikken, og vi seier oss samde med rapporten i at det langt på veg har vore vellukka. Vi kjenner oss også igjen i dei tendensane som blir omtalte i rapporten. Vi ser ei verksam sentrifugalkraft, som trekkjer mange av dei dyktigaste filmarbeidarane mot Oslo-regionen. Derfor støttar vi også framlegget om å prioritere færre regionar med sikte på spelefilm, slik at ein kan utvikle reelle kompetansesentra utanfor Oslo. I evalueringar bør ein derfor også vere spesifikke i skiljet mellom ulike format, der dei regionale fonda si rolle vil kunne bli ulikt vekta i høve til kortfilm, dokumentarfilm, tv-drama og eventuelt spelefilm.

Rapporten gjer framlegg om ein konkret kriteriemodell for tildelingar til fonda. Kriteria verkar isolert sett gode, og NFI vurderer at det er ei politisk prioritering korleis ein vil vekte dei opp mot kvarandre. I høve til definisjonen av bransjens storleik meiner vi denne definisjonen av praktiske grunnar bør vere mest mogleg lik i høve til sentra og fond.

Vi ser også eit behov for felles kriterier for kva som blir definert som ein film med sterk regional tilknytning. Per i dag vil ein film kunne bli registrert som Oslo-basert i NFI på bakgrunn av produksjonsselskapets adresse, og regionalt tilknytt i regionale fond på bakgrunn av andre faktorar, til dømes innspelasstad. Om ein skal kunne følgje utviklinga over tid, bør dette bli registrert på same måte uavhengig av tildelingsinstans.

Målsettingane om mangfald er gjeldande for heile den statlege filmpolitikken. NFI tek ikkje stilling til korleis dei skal gjelde tildelingar frå dei regionale fonda, men vil peike på at effekten på måloppnåinga uansett vil vere til stades. Målet om minimum 40 % kvinner i nøkkelfunksjonar vil vere vanskelegare å oppnå dersom det ikkje også er gjeldande for dei regionale tilskotta.

NFI ser ingen praktiske hindringer for at dei regionale fonda skal kunne gå inn i kinofilmar som tek i mot tilskott frå NFI, også med den statlege delen av tilskottsmidla. Filmar som blir produserte for kinovisning kvalifiserer i dag for statleg tilskott frå NFI gjennom etterhandstilskottet. I berekninga av dette må NFI uansett ta omsyn til offentlege middel som kjem frå regionale styresmakter, så endringa vil få lita praktisk tyding.

Med vennleg helsing

Nina Refseth

direktør

Brevet er godkjend elektronisk, og er derfor ekspedert utan signatur.